Kvar medarbeidar i Fjord kommune skal føle seg trygg på sin arbeidsplass. Vi tek avstand frå alle former for trakassering, mobbing, og forventar at alle bidreg til å verkeleggjere denne haldninga. Vi skal ikkje utsetje andre for handlingar eller ytringar som kan verte oppfatta som krenkjande, skremmande, fiendtlege, nedverdiggjande eller audmjukande.

Vi sikrar kvarandre mot problemåttferd, vald og truslar. Like viktig for eit godt arbeidsmiljø, er at vi legg til rette for ein god dialog og eit godt ytringsklima. Takhøgda for å diskutere og kome med synspunkt er stor i Fjord kommune. Ulike syn, konstruktiv kritikk og andre ytringar blir ønskte velkommen, høyrde, vurdert og respektert.

Eit godt ytringsklima bidreg til ein kultur der alle finn det trygt å ytre seg. I Fjord kommune er ein verna når ein ønskjer/må seie frå om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen. Når ein varslar, kan ein rette opp, noko som er positivt for organisasjonen.

Som ein av del av arbeidet, som handlar om tryggleik, dialog og godt samarbeid, har ein utarbeidd ulike retningslinjer, rutinar og rettleiingar, slik at alle tilsette veit korleis ein kan førebyggje, avdekke og rette opp feil.

Dei ulike retningslinjer, rutinar og rettleiingar som er utarbeidd i samband med arbeidet som handlar om tryggleik, dialog og godt samarbeid, seier korleis ein kan førebyggje, avdekke og rette opp feil. I dokumenta finn ein også igjen kva ansvar den enkelte har.

Vi har etablert rutinar mot diskriminering og trakassering og utilbørleg opptreden som ein del av HMS-arbeidet. I 2021 er det også utarbeidd ein rettleiar som omhandlar graviditet og jobb som skal sikre god oppfølging og tilrettelegging av gravide tilsette, eller som har eit ønske om å bli gravid. Vi ønskjer å leggje til rette for at ein i størst mogleg grad kan halde fram i arbeidet ein kjenner til, utan full omplassering, permisjon eller sjukmelding.

Valldal, 19.mai 2022

Karl Andre Birkhol
Kommunedirektør

Rapport etter årsoppgjer 2021

FJORD KOMMUNE

ADMINISTRASJONEN 18. MAI 2022

KONTROLLUTVALET 1. JUNI 2022

MRR
Møre og Romsdal Revisjon SA

Innhold

2

1.	Innleiing	3
2.	Oppsummering frå områdene	4
3.	Identifiserte risiko frå 2020 og oppfølging	5
4.	Oppsummerte funn etter årsoppgjeret	
4.1	Listeførte feil	6
4.2	Regnskapsrapportering	7
4.2.1	Forenkla etterlevingskontroll - budsjettavvik	9
4.3	Overføringsområdet	10
4.4	Lønsområdet	11
4.5	Innkjøp	12
4.6	Driftsmiddel	13
4.7	Finans	14
4.8	Sal	16
5.	Særattestasjonar	17
6.	Avslutning	18

Innleiing

- ▶ Revisjonen av Fjord kommunes årsoppgjer for 2021 ble avslutta den 20. mai 2022, og revisjonsberetninga ble signert same dato.
- ▶ Uavhengig revisors beretning for 2021 var ei «normalberetning», som inneber at revisjonen ikkje har avdekka og påvist vesentlege feil og manglar i kommunens rapportering. Under andre forhold har vi kommentert at vi trekker tilbake vår negative beretning datert 19.04.22 og at kommunen ikkje har levert årsregnskap og årsmelding innan lovens frist.
- ▶ Sjølv om vi i 2021 gjev ei normalberetning, er det enkelte forhold vi ser på som forbetningsområder for kommunen. Denne informasjonen kan være hensiktsmessig informasjon for kontrollutvalet, og gis i denne rapporten.

Oppsummering frå områda

Områder	Anbefalinger og funn
Rekneskapsrapportering	- Bør ferdigstille reglement og rutinar - Premissar i budsjett bør klargjerast og premissavvik kommenterast i årsmelding
Overføringsområdet	- Vi anbefaler at det leggjast ved ei forklaring på større budsjettavvik ved overlevering til revisjonen - Tilsegnsbrev/vedtak skal leggjast være del av bilags-dokumentasjonen, både ved tilsegn frå og tilsegn til kommunen.
Lønsområdet	Avvik i innberetning sjukelønsrefusjon
Innkjøpsområdet	- Revisjonen har avdekket periodiseringsavvik som er retta no. - Revisjonen anbefaler å legge ved dokumentasjon av større periodiseringspostar pr.31.12
Driftsmiddelsområdet	Avvik anleggsmodul og hovedbok
Finansområdet	Forbetre rutinar på avstemmingar, m.a. av bundne fond. Vedlegg til bilag i rekneskapen
Salsområdet	- Feilklassifisering av kundefordringar - Det vart avdekket feil på innberetta meirverdiavgift. Feila er blitt retta no. Revisjonen anbefaler betre avstemmingsrutinar mellom rekneskap og mva. innberetning

Identifiserte risiko 2020

Identifiserte risiko 2020	Vurdering etter årsoppgjeret 2021
• Attestasjon frå leiinga på løningslister	Arbeider med dette for 2022
• Skille mellom drift og investering (generell risiko)	Vurdert frå økonomi og einingsleiar
• Dekomponering anleggsmidlar	Arbeider med dette for 2022
• Avvik i anleggsmodul mot hovudbok	Fremdeles avvik
• Klassifisering av finansielle omløpsmidlar i balansen	Korreksjon gjennomført i 2021.
• Notetilvisingar	Er no på plass
• Dokumentasjon av avstemming av balansekonti	Kan framleis bli betre
• Ferdigstilling av styringsdokument. (Økonomireglement, innkjøpsreglement, finansreglement og eigarskapsmelding)	Eigarskapsmelding vedtatt av kommunestyret 10.februar.

Listeførte feil i 2021

Kommunen har ikke skilt ut kundefordringer som egen balanseart i 2021, dette skal være retta for 2022

Revisjonstilnærming - Rekneskapsrapportering

Rekneskapsrapportering

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Økonomisk handlingsrom (gjeldsgrad)
- Tertialrapportering og offisielt rekneskap
- Årsoppgjersdisponeringar/avslutning og strykingar
- Bruk av fond
- Budsjettjustering og budsjettavvik
- Generelle IT-kontroller

Test av kontroller (interim): (Kommunens interne kontroll)

- Test av leiingskontrollar: Tertialrapportering til kommunestyret er gjennomført. God rapportering på drift. Kan verte betre på investering. (Sjå mot totalramme for prosjekt.)
- Test av generelle IT-kontroller – ikkje endringar for E-Sunnmøre. Tilgangar lokalt kontrollert i februar utan avvik.

Substanshandlinger: (Kontroll av fakta mot dokumentasjon)

- Mykje av dette skjer i årsoppgjeret, men ein har i løpet av 2021 vurdert avvik frå rekneskapen i 2020. Kommunen er ikkje heilt i mål med vurdering av kapitalkontoen.
- Kontroll av årsoppgjersdisponeringar gjennomført utan merknad
- Regnskapsoversikter heng saman
- Nødvendige noteopplysningar er utarbeidd
- Avstemming av kretsløp er føretatt (Eigenkapital, arbeidskapital og anleggsmidlar/langsiktig gjeld) utan merknad
- Budsjettkontroll utan merknad
- Kontroll av årsmelding, nokre forbedringspunkt premissavvik
- Avsluttande analytiske kontroll utan merknader
- Økonomireglement, innkjøps- og finansreglement ikkje ferdige.

Regnskapsrapportering

Nøkkeltall

Litt om utvikling i bruk/avsetning disposisjonsfond, lånegjeld, renter og avdrag. Viser også utviklingen i brutto driftsinntekter for at en kan se dette i sammenheng.

Tall i hele tusen	2020	2021
Netto bruk (-) /avsetning (+) disp.fond	358	-2 664
Disp fond	751 746	0
Udekka merforbruk	0	3 973
Lånegjeld	424 972	425 147
Låneavdrag	17 647	16 685
Rentekostnader	6 814	5 413
Brto driftsinntekter	335 122	341 393

Vi ser at kommunen har tømt disposisjonsfondet, og har et udekka merforbruk på 3,97 MNOK. Dette utgjør 1,2 % av brutto driftsinntekter. Grensen for at kommunen blir innmeldt i ROBEK er 3%. (KL § 28-1 bokstav d.)

Årets negative netto driftsresultat utgjør 6,7 MNOK utgjør – 2,0% av brutto driftsinntekter, noe som er godt under TBU sinemåltall på ,785%

Kommunens netto lånegjeld, eks formidlingslån utgjør 389 MNOK. Dette er 114% av brutto driftsinntekter. TBU mål her er 75%. Kommunen har høy lånegjeld. Netto finansutgifter utgjør 17,5 MNOK eller 5,1% av brto. driftsinntekter.

Forenklet etterlevelseskontroll av budsjettavvik (premissavvik)

Uttale om budsjettavvik er ein egen del i revisjonsberetninga.

Vi gjev ein normal uttale (moderat sikkerheit) om forklaring av vesentlege budsjettavvik:

«Basert på de utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetninga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Kommunen må jobbe vidare med mål inn i økonomiplan for kommunen.

Revisjonstilnærming - Overføringer

Overføringsområdet

Angrepsvinkel: Substanshandlinger (analyser og detaljtester)

Risiko knytt til:

Overføringsinntekter:

- Rammetilskot (drift)
- Inntekts- og formuesskatt (drift)
- Eigedomsskatt (drift)
- Andre skatteinntekter (drift)
- Andre overføringer og tilskot frå staten (drift)
- Overføring og tilskot frå andre (drift)

Overføringsutgifter:

- Overføring og tilskot til andre (drift)

Substanshandlinger på området i årsoppgjeret:

- Totalavstemming av rammetilskot og inntekts- og formuesskatt - gjennomført. Korreksjon etter avvik.
- Analytisk kontroll av eigedomsskatt – ikkje merknader
- Detaljtesting av andre overføringsinntekter. – Kan verte betre på dokumentasjon
- Analyser/detaljtestar av overføringsutgifter – gjennomført pr interim utan merknader
- Særattestasjonar på enkelte tilskot gjennomført m.a. for spelemidlar og statlege tilskot. Opprydding av gamle tilskot saman med kommunen.

Revisjonstilnærming - Lønnskostnader

Lønnsområdet	Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger
Risiko knytt til: • Lønnskostnader (fast og variabel) • Sosiale kostnader • Pensjon	<u>Interimrevisjon lønnsområdet:</u> • Rutinegjennomgang gjennomført. Rutinane er hensiktsmessige. • Attestasjon og tilvising av timer - februar • Attestasjon og tilvising av reiserekningar – her under manuelle reiserekningar/utgiftsrefusjoner - februar • Etterkontrollerte lønningslister enno ikkje innført. <u>Substanshandlinger:</u> • Analytiske kontroller gjennomført pr interim utan at vår risiko er endra. • Gjennomgang av pensjonskostnad med tilhøyrande balanseposter. Ingen feil avdekket. • Gjennomgang av kontrolloppstilling og dei andre innberetningar og avstemmingar på lønnsområdet – her under feriepengar, skattetrekk, arbeidsgivaravgift. Ingen feil avdekket. • Krav på sjukelønsrefusjon - avstemming mellom HRM og regnskapssystem inkl. vurdering av realisme av krav – Årsoppgjer. Våre kontroller har avdekket differansar på restanseliste refusjonar. Det er store etterslep på avstemmingane. Vi avventar ny avstemming før signering av RF1022.

Revisjonstilnærming - Innkjøp

Innkjøpsområde

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko knytt til:

- Kjøp av varer og tenester (drift)
- Momskompensasjon
- Leverandørgjeld (bal)
- Anna kortsiktig gjeld (bal)

Interimsrevisjon innkjøpsområdet:

- Kontroll av attestasjon og tilvising gjennomført som ein del av mva-kompensasjonsrevisjon. Ikkje merknader.
- Rutinegjennomgang gjennomført
- Analytiske kontroller under interim utan endra risiko.

Substanshandlingar:

- Analytiske kontroller.
- Løypande kontroll av bilag i forbindelse med attestasjon på mva-kompensasjonsoppgåvene. Ikkje avvik.
- Periodisering – årsoppgjer. Avdekket feil av revisjonen er no korrigert.

Balanseposter vurderast under årsoppgjeret:

- Avstemme leverandørgjeld mot reskonto, betalingskontroll av vesentlege gjeldspostar
- Kontrollere dokumentasjon for avsetning av anna kortsiktig gjeld.
- Større avsetningar/periodiseringar 31.12. bør dokumenterast.

Revisjonstilnærming - Investeringar

Driftsmiddelområdet

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

Risiko knytt til:

- Investeringar i varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot til andre sine investeringar (investering)
- Sal av varige driftsmidlar (investering)
- Tilskot frå andre (investering)
- Avskrivingar/motpost avskrivingar (drift)
- Bruk av lån/lovleg finansiering (investering)
- Skille mellom drift og investering

Test av kontroller (interim):

- Kontroll av attestasjon og tilvising gjennomført utan avvik.

Substanshandlingar:

- Oppfølging av dei største investeringsprosjekta – Tertialrapportering og årsoppgjer. Ingen merknader
- Avstemme anleggskartotek mot hovudbok – Fremdeles avvik. Avvik note i anleggsmodul og regnskapsnote.
- Vurdering av levetid/avskrivingstid inkl. dekomponering – Levetid lik gruppe, dekomponering vurderast i 2022
- Vurdere vesentlege tilgangar opp mot KRS 4, vurderes årsoppgjer og under bilagskontroll. Ikkje funne avvik.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (res)

Finansområdet (res)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlinger

Risiko transaksjonsklasser:

- Renteinntekter og renteutgifter (drift)
- Avdrag på lån (drift)
- Utbytter (drift)
- Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar (drift)
- Investering i aksjar og partar (inv)
- Sal av finansielle anleggsmidlar (inv)
- Utlån av egne midlar (inv)
- Avdrag på lån (inv)
- Utdeling frå selskap (inv)

Test av kontroller (interim):

- Bankavstemming utan avvik – anbefaler dokumentasjon inn i Visma
- Dobbel godkjenning av betalingstransaksjonar – vurdert utan merknad
- Behandling av eigarskapsmelding – politisk handsama februar 2022.

Substanshandlinger:

- Kontrollert at balanse- og resultatposter stemmer med eksterne stadfesting (bank, rente, aksjar, utbytte etc.) Vurdere verdsetting, klassifisering og avkastning. Ingen vesentlege merknadar.
- Kontrollere vesentlege tilgang/avgang av aksjar – ingen merknadar.

Revisjonstilnærming - Finansområdet (bal)

Finansområdet (bal)

Angrepsvinkel: Test av kontroll og substanshandlingar

Risiko balanseposter:

- Bankinnskott og kontantar
- Aksjar og partar
- Andre finansielle plasseringar
- Fond
- Kapitalkonto
- Gjeld til kredittinstitusjonar
- Anna gjeld (obligasjons- og sertifikatlån)
- Utlån
- Ubrukte lånemidlar

Substanshandlingar (forts):

- Etterleving av finansreglementet – Ikkje vedtatt enno.
- Vi har saman med kommunen følgd opp avvik frå 2020 knytt til formidlingslån, dette er no løyst.
- Sett at gjeld og utlån er i samsvar til eksterne stadfestingar – ingen merknadar
- Etterberekning av minimumsavdrag – ingen merknad
- På sjå at avstemmingar av kretsløp heng saman (her under kapitalkonto) Avvik knytt til kapitalkonto er enno ikkje avklart.
- Kontrollere vesentlege bevegelsar på fondskonti – Avstemming og oversikt pr bundne fond kan bli betre.
- Vedlegg til posteringar kan også bli betre.

Revisjonstilnærming - Salsområdet

Salsområdet	Angrepsvinkel: Substanshandlingar (analyser og detaljtestar)
Risiko knytt til: - Sals- og leigeinntekter (drift) - Sjølvkostområde - Kundefordringar (bal) - Andre kortsiktige fordringar (bal) - Ordinær meirverdiavgift	<u>Interimsrevisjon salsområdet:</u> - Rutinekartlegging – oppdaterte rutinar. - Analyse interim. Ikkje endra risiko. <u>Intern kontroll</u> - Brukarbetalingar langtidsopphold sykeheim innheld mange variablar og er ikkje undergitt faste satsar. Vi anbefaler at det innførast intern kontroll gjennom arbeidsdeling/etterkontroll. <u>Substanshandlingar:</u> - Analytisk kontroll og/eller detaljtestar/totalavstemming. Revisjonen har avdekket feil bruk av mva.satser. Avvik funnet som vedrører 2021 er korrigert. - Revisjonen anbefaler å bruke mest mulig "reine"konti for å reduserer feilposter. - Revisjonen anbefaler at salskonti inngår i den terminvise avstemminga. <u>Balanseposter – vurderast under årsoppgjeret:</u> - Aldersfordelt reskonto kundefordringar/andre kortsiktige fordringar (vurdere tapsavsetning, innbetalingskontroll, eksterne stadfestingar). - Balansen har feilklassifisering: Andre kortsiktige fordringar totalt kr.26,4MNOK står som kundefordringer. Vi har fått beskjed om at det blir retta frå 2022 - Totalavstemming av ordinær meirverdiavgift. Saldo er korrekt etter korrigeringar.

Særattestasjoner og undersøkelser gjennomført i 2021

- Meirverdiavgifts-kompensasjonsoppgåver - 6 terminar
- Forenkla etterlevingskontroll – Eigenbetaling langtidsopphald sjukeheim (25.06.21)
- Spelemiddel – Røde Kors huset forsamlingshus Anlegg 57611 – (13.12.21)
- Trafikktryggingsmidlar (14.12.21)
- Kommunal kompensasjonsordning til lokale verksemdar (15.12.21)
- Spelemiddel – Snøproduksjon i snowpark Anlegg 50599 – (20.12.21)
- Tilskot infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman (06.02.22)
- Tilskot til Aktivitetstilbod og besøksvert til Fjord kommune (16.03.22)
- Vekst i Stordal (30.03.22)
- Forenkla etterlevingskontroll – Oppfølging Næringsfondet (08.04.22)
- Barnas supersommar (19.04.22)
- Tal psykisk utviklingshemma (29.04.22)
- Ressurskrevjande tenester (02.05.22)

Avslutning

Vi ønsker å takke administrasjonen i Fjord kommune for samarbeidet, og håper at tema som omtales i revisjonsrapporten oppfattast som konstruktive innspel i forhold til kommunens daglege arbeid med forbetring av interne kontrollrutinar, regnskapsførsel og dokumentasjon av rekneskapsinformasjon.

Vi ønsker også å takke kontrollutval og sekretariatet for god og konstruktiv dialog.



“

Vi skal bidra til økt tillit mellom
innbyggerne og våre
eierkommuner

”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 15/22	Fjord kontrollutval	01.06.2022

Prosjektplan for eigarskapskontroll Fjord kommune 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek at det vert gjort ein eigarskapskontroll i Fjord kommune i tråd med vedlagte prosjektplan.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gav i sitt møte 21.03.2022 ei bestilling på ein prosjektplan for eigarskapskontroll Fjord kommune. Eigarskapskontroll er i kommunelova ei pålagt oppgåve som kontrollutvalet skal gjennomføre og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.

Vurdering:

Oppdragsansvarleg revisor Kurt Løvoll vil i kontrollutvalet sitt møte 1. juni 2022 legge fram ei skisse til ein prosjektplan for gjennomføring av eigarskapskontroll i Fjord kommune. Den er vedlagt.

Fjord kommune eig, som utvalet er kjent med mellom anna gjennom eigarskapsmeldinga, mange ulike selskap og gjennom ulike selskapsformer. Revisor har i sitt framlegg til prosjektplan føreslått at ein skal sjå på om kommunen si eigarstyring er i samsvar med krav og anbefalingar i kommunelova og KS (Kommunanes Sentralforbund). Vidare er det ønskeleg å sjå om eigarstyringa er i samsvar med vedteken eigarstrategi. Dette er og omtale i vedlagte eigarskapsmelding vedtatt av Fjord kommunestyre 10. februar 2022.

I ein prosjektplan for eigarskapskontroll er det naturleg at følgjande forhold er omtala:

- tema og eventuelt kva selskap som skal undersøkjast

- bakgrunn
- problemstillingar
- kva type informasjon som skal hentast inn, og korleis
- framdriftsplan
- ressursbruk

I den skissa revisor legg fram her er dette etter sekretariatet sitt syn godt dekt. Likevel er det viktig at kontrollutvalet brukar tid i møtet til å sikre at utvalet og revisor er einige om bestillinga gjennom problemstillingane.

Og at dette dekker det kontrollutvalet meiner har verdi for kommunestyret å få informasjon om.

Vedlegg

Prosjektplan for eigarskapskontroll 2022 - Fjord kommune

Eigarskapsmelding Fjord kommune 2022



PROSJEKTPLAN

FJORD KOMMUNE

EIGARSKAPSKONTROLL

mai 2022

SAMANDRAG PROSJEKTPLAN

Problemstillingar	1. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med krav og anbefalingar? ○ Kommunelova ○ KS sine anbefalingar 2. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med eigarskapsstrategien?
Kjelder til revisjonskriterium	○ Kommunelova § 26-1 ○ KS Folkevalgprogram 2019-2023. Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll. ○ Fjord kommune si Eigarskapsmelding, vedtatt 10.02.2022 i sak 007/22
Utleia revisjonskriterium	○ Kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. ○ Eigarskapsmeldinga skal innehalde: ○ Kommunen sine prinsipp for eigestyring ○ Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i ○ Kommunen sitt formål med sine eigeninteresser eller tilsvarande interesser i selskap/føretak. ○ Folkevalde skal få opplæring i eigarskap. ○ Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap. ○ Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet. ○ Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnemnast som representantar i eigarorganet. ○ Kommunestyret bør sørge for god samansetning og kompetanse i styret. ○ Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak. ○ All kommunikasjon mellom føretak og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.) ○ Kommunedirektør skal peike ut administrativ kontaktperson for det enkelte føretak. ○ Kommunestyret skal vedta eigarstrategi for føretak.
Metode	○ Dokumentgjennomgang ○ Intervju
Tidsplan	Juni - september 2022
Prosjektteam	Oppdragsansvarleg revisor: Kurt Løvoll og utførande forvaltningsrevisor: Ingvild Bye Fugelsøy
Erklæring om revisors sjølvstende	Ingen av dei involverte revisorane vil få habilitetsproblem ved gjennomføringa av prosjektet.

BESTILLING

21. mars 2022 bestilte kontrollutvalet i Fjord kommune ein prosjektplan for ein ny eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet har etter KommuneLOVA(KL) ansvar for å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresse, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring, jfr. KL § 23-2,d) og 23-4.

PROBLEMSTILLINGAR

Vi foreslår at følgjande problemstillingar vert svara ut i eigarskapskontrollen.

1. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med krav og anbefalingar?
 - KommuneLOVA
 - KS sine anbefalingar
2. Er kommunen si eigarstyring i samsvar med eigarskapsstrategien?

KJELDER TIL REVISJONSKRITERIER

- KommuneLOVA § 26-1
- KS Folkevalgprogram 2019-2023. Anbefalingar om eierskap, selskapsledelse og kontroll.
- Fjord kommune si Eigarskapsmelding, vedtatt 10.2.2022 i sak 007/22

METODE

Eigarskapskontrollen skal utførast i tråd med god kommunal revisjonsskikk. Gjeldande standard for eigarskapskontroll er RSK 002 som er utarbeidd av Norges Kommunerevisorforbund.

Vi ser føre oss at det vil vere aktuelt med dokumentgjennomgang og intervju/spørjeundersøking.

UAVHENGIGHEIT

Som vedlegg ligg erklæring om uavhengigheit frå oppdragsansvarleg revisor.

Oppdragsansvarleg revisor har henta inn tilsvarande erklæringar frå revisjonsteamet, og har også ansvar for å gjere dette dersom det blir nødvendig at andre i Møre og Romsdal Revisjon AS blir involvert i arbeidet.

UTLEIA REVISJONSKRITERIER

I den nye kommunelova, som vart gjeldande frå 2020, kom det inn ein bestemming i § 26-1 om at:

- Kommuner skal minst en gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret. Eigarskapsmeldinga skal minst innehalde:
 - Kommunens prinsipper for eierstyring
 - En oversikt over selskaper, kommunale foretak og andre virksomheter som kommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
 - Kommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i selskap/foretak.

Frå KS sine anbefalingar om eigarskap, selskapsleiing og kontroll har vi valt ut følgjande punkt/anbefaling:

- Sørge for god kunnskap til folkevalde om eigeskap
- Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap.
- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.
- Sentrale folkevalgte bør som hovedregel oppnevnes som representanter i eierorganet.
- Kommunestyret bør sørge for god sammensetning og kompetanse i styret.

Kommunestyret i Fjord har vedteke at:

- Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.
- All kommunikasjon mellom føretak og kommunen, skal som hovudprinsipp førast i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)
- Kommunedirektør utpeikar administrativ kontaktperson for det enkelte føretak.
- Kommunestyret skal vedta eigarstrategi for føretak.

OPPSUMMERT

- Kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret.
- Eigarskapsmeldinga skal innehalde:
 - Kommunen sine prinsipp for eigestyling
 - Ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
 - Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i selskap/føretak.
- Folkevalde skal få opplæring i eigarskap
- Kommunestyret bør årleg vedta eigarskapsmelding eller anna rapport om tilstanden i sine selskap.
- Det bør jamleg gjennomførast eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.
- Sentrale folkevalde bør som hovudregel oppnemnast som representantar i eigarorganet.
- Kommunestyret bør sørge for god samansetning og kompetanse i styret.
- Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.
- All kommunikasjon mellom føretak og kommunen, skal som hovudprinsipp først i postmottak (innkallingar, møteprotokollar etc.)
- Kommunedirektør skal utpeika administrativ kontaktperson for det enkelte føretak.
- Kommunestyret skal vedta eigarstrategi for føretak.

PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

NAVN	TITTEL
Kurt Anders Løvoll	Oppdragsansvarleg
Ingvild Bye Fugelsøy	Forvaltningsrevisor

Vi estimerer at prosjektet kan gjennomførast på 120 timar. Dette inneheld førebuing av prosjektet, utarbeiding av avgrensa og spissa problemstillingar ut frå prosjektplan, datainnsamling og analyse, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Estimert timebruk omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet, og deltaking i kommunestyret si behandling av ferdig rapport.

FRAMDRIFTSPLAN

AKTIVITET	PLANLAGT UTFØRT
Prosjektplan behandlast i kontrollutvalet	1.6.2022
Oppstartsmøte med kommunedirektør	Juni 2022
Datainnsamling	Juni/august 2022
Arbeid med rapport	August 2022
Høringsperiode	September
Planlagt levert rapport	Medio september

For å kunne gjennomføre prosjektet innan planlagd frist og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over dokumentasjon innan fristane som blir sett. I tillegg må utvalde personar stille til intervju, samt verifisere referat innan rimeleg tid.

Eigarskapsmelding – Fjord kommune



Innleiing

Fjord kommune har direkte eigarandelar i aksjeselskap, interkommunale selskap, samt engasjement i stiftingar. Vidare deltek Fjord kommune i større og mindre interkommunale samarbeid. (Vidare i eigarskapsmeldinga vert desse omtalt med samleomgrepet føretak).

Samla vert det forvalta store verdier i desse føretaka. Målet er å utøve eit eigarskap som samla sett skal bidra til god utvikling av føretaka, langsiktig verdiskaping og tydeleg styring. Dette krev tydelege føringar, rolleavklaring og open dialog mellom eigar og føretak.

Kommunane sitt ansvar for ein tydeleg eigarskapspolitikk er forankra i kommunelova: § 26-1. Eierskapsmelding. Kommunar og fylkeskommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein eigarskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

Fjord kommune si eigarskapsmelding skal:

- 1. Tydeleggjere korleis Fjord kommune vil utøve ein overordna eigarskapspolitikk.**
Den overordna eigarskapspolitikken har mål om å danne grunnlag for klare retningslinjer til føretaka og forenkle samarbeidet der ein har fleire eigarar. Overordna forventningar, mål og prinsipp gjeld uavhengig av føretaksform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med føretaket.
- 2. Gje ei samla oversikt over alle kommunen sine eigarposisjonar.**
Eit utval av føretaka vil og ha ei nærmare omtale med omtale av føremål og målsettingar. Dette skal danne grunnlaget for ein god styringsdialog, ved å gi føretaka signal om kva for strategiar og forventningar eigar har.
- 3. Vise aktørbildet og roller, samt korleis eigar vil utøve eigarskapsoppfølging**
gjennom klargjering av roller og aktivitetar i eit årshjul.

Eigarskapsmeldinga er tredelt:

- Del 1 - Generell del: Overordna eigarskapspolitikk.
Overordna eigarskapspolitikk og prinsipp for eigarstyring, overordna mål og forventningar.
- Del 2 - Spesiell del: Oversikt over Fjord kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om føremål og eigarstrategi for eit utval av føretaka.
- Del 3 – Roller, ansvar og årshjul for eigarskapsoppfølging.

Fjord kommune som eigar ønsker ei klargjort rolle- og ansvarsdeling mellom eigar og føretak, og som følgjer prinsipp for god eigarstyring og føretaksleiing, slik det er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#).

Innhaldet i eigarskapsmeldinga vil kunne medføre endringar i dokument som regulerer forholdet mellom eigar og føretak (t.d. vedtekter). Dette må følgjast opp i etterkant av vedtatt eigarskapsmelding.



Fjord kommune overordna mål og forventningar

Dei tre berekraftsdimensjonane er utgangspunktet for hovudmåla i Fjord kommune sin nye samfunnsdel som skal vedtakast i januar 2022:

På same måte som berekraftdimensjonane heng saman og påverkar kvarandre, må vi også sjå kommuneplanen sine hovudmål i samanheng for å lykkast med å utvikle Fjord til eit meir berekraftig samfunn.

- *Klima- og miljømessig berekraft - Fjord kommune er klimaklok.*
- *Sosial berekraft - Vi arbeider saman for å skape gode liv og like moglegheiter.*
- *Økonomisk berekraft - Fjord kommune har eit tenestetilbod som er tilpassa dei økonomiske rammene.*

Innbyggjarundersøkinga rangerer berekraftsmål 3 som viktigast for Fjord kommune. Berekraftsmål 17 – samarbeid for å nå måla – er både eit mål i seg sjølv og ein føresetnad for å nå dei andre måla. Berekraftsmål 3 og 17 er difor gjennomgåande i alle Fjord sine hovudmål.

Vi må arbeide saman for å oppnå ei berekraftig og heilskapleg utvikling av kommunen.

Fjord kommune gjennomførte hausten 2020 ei kartlegging av 107 indikatorar som måler kommunen sin status i høve til FN sine berekraftsmål. Arbeidet var organisert gjennom prosjektet [Berekraftfylket Møre og Romsdal](#) i samarbeid med FN-organisasjonen United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). Indikatorane måler ulike sider av samfunnet, frå det som gjeld vatn, energi, transport og bygg til tryggleik, helse, innovasjon og utdanning. Digitalisering gjeld for alle desse alle områda.

Føretaka som ressurs i arbeidet mot dei overordna måla

Føretaka har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet der dei opererer. Derfor er det viktig at denne samfunnsrolla i størst mogleg grad blir reflektert i både styring og dagleg leiing uavhengig av om hovudføremål er finansielt eller samfunnsmessig/sektorpolitisk. Fjord kommune ynskjer å spele på lag med alle våre føretak og interesser i arbeidet mot å bli eit meir berekraftig samfunn.

Eit berekraftig føretak balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping, slik at dagens behov vert ivaretatt utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar kan få dekkja sine behov.

Andre viktige føringar

1. Det skal vere ein open kommunikasjon om kommunen sine eigarinteresser i alle føretak knytt til Fjord kommune, og eigarpostar skal kome fram i rekneskapen.
2. Prinsippet om meiroffentlegheit skal gjennomførast i alle føretak når ikkje anna lovgiving, forretningsmessige eller andre tilhøve tilseier at informasjonen skal vere unntatt offentlegheit.
3. Det skal vere ein open kommunikasjon om leiarløningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaka.
4. Fjord kommune føreset at kommunen sine representantarar i føretak er registrert i Kommunens sentralforbund (KS) sitt styrevervregister. Tilknytning til styrevervregisteret skaper openheit om roller og styrker allmenta sin tillit til kommunalt eigde føretak.

Vidare er Fjord kommune oppteken av at det einskilde føretak si verksemd er ansvarleg. Dette inneber å identifisere og handtere risikoen føretaket påfører menneske, samfunn og miljø. Omsynet til berekraft og ansvarleg verksemd er ein del av Fjord kommune sine forventningar til føretaka, og vil påverke korleis Fjord kommune følg opp føretak og eigarposisjonar. Fjord kommune forventar at alle føretak legg til grunn kommunen sine føringar knytt til:

- Ethiske retningslinjer
- Overordna arbeidsgjevarpolitikk
- Innkjøpsstrategi
- Antikorrupsjonsarbeid
- Openheit og innsyn

Del 1 Eigarskapsmelding - generell del

Vanlege føretaksformer i kommunal sektor:

- **AS** – aksjeselskap styrt av aksjelova. Føretaket sitt øvste eigarorgan er generalforsamlinga, og her vert den øvste mynda til føretaket utøvd.
- **IKS** - interkommunalt selskap (styrt av lov om interkommunale selskap. IKS er eit sjølvstendig rettssubjekt og skal opptre i eige namn). Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet.
- **KF** - kommunalt føretak. KF er regulert av lov om kommunar og fylkeskommunar-kommunelova. KF er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men er ein del av kommunen. Føretaket vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret.
- **Samvirkeføretak**. Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) som regulerer denne organisasjonsforma. Eit samvirkeføretak er ikkje eit selskap.. Samvirkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar. Årsmøtet er samarbeidet sitt øvste organ, og her vert avgjerder fatta.
- **Stiftingar**: Lov om stiftelsar (stiftelseslova) regulerer denne organisasjonsforma. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt. Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på delar av stiftinga sitt overskot (ta utbytte).
- **Kommunalt oppgåvefellesskap**. Denne føretaksforma er regulert i kommunelova § 19-1. Ny kommunelov fjernar høve til § 27-samarbeid, og oppgåvesamarbeid kan vere eitt av alternativa. Kommunane har fått tid fram til utgangen av 2023 på å tilpasse seg denne endringa. I eit oppgåvefellesskap kan to eller fleire kommunar løyse felles oppgåver, og er som sagt eitt av fleire alternativ for organisering av interkommunalt samarbeid. Eit oppgåvefellesskap kan ikkje ha mynde til å treffe einskildvedtak, men kan likevel gjevast mynde til å treffe denne type vedtak om interne forhold i samarbeidet, og til å forvalte tilskotsordningar.
- **Kommunelova § 28 - Vertskommunemodell**. Kommunen overlét ansvaret for bestemte oppgåver og slutningar til ein anna kommune, dvs. Vertskommune. Modellen inneberer ikkje etablering av eigen juridisk person, men er eit reint avtalebasert samarbeid.

Kvifor opprettar vi føretak?

Hovudregelen er at Fjord kommune yter kommunale tenester i eigen regi, underlagt kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevald kontroll og styring. Der oppgåveløysinga er organisert i ulike føretak, har dei folkevalde meir indirekte verktøy for styring.

Fjord kommune kan vurdere å organisere si verksemd i føretak dersom:

- Tenesta kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar (stordriftsfordelar).
- Tenesteproduksjonen blir meir robust ved samarbeid med andre.
- Det er ønskeleg og hensiktsmessig å samarbeide om verksemda med private aktørar.
- Kommunale tenester krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrensene.
- Statlege tilskotsordningar krev føretaksorganisering, utanfor ordinær struktur.
- Skatte- og avgiftsmessige forhold gjer at føretaksorganisering har økonomiske fordelar.
- Verksemdene opererer i ein marknad, og er difor meir tent med ei friare stilling enn det ein har i den kommunale organisasjonen.

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Modellen syner på ein forenkla måte korleis alternative føretaksmodellane har aukande grad av sjølvstyre. Pila si retning syner og aukande behov for eigarstyring gjennom overordna prinsipp. Dette er årsaka til behovet for ei god eigarskapsmelding og eigarstyring.

Kva er føremålet med ulike føretak?

Kommunen sitt føremål med føretak kan grovt delast inn i to.

1. **Finansielt føremål med ev. tilleggsføremål:** Eigarskap som primært opererer i konkurranse med andre. Føremålet er ofte finansielt, men kan og vere motivert av andre tilleggsføremål. Tilleggsføremål kan t.d. vere knytt til ringverknadar med eigarskapet som t.d. regionale arbeidsplassar eller lokalisering og hovudkontorfunksjon.
2. **Sektorpolitiske føremål eller andre politiske/ regionalpolitiske føremål:** Føretak som gjennomfører lovpålagde eller samfunnsmessige oppgåver der eigar ikkje siktar mot ei marknadsmessig eigenkapitalavkastning. Dei sektorpolitiske måla er sentrale i eigarskapsstrategien for desse selskapa. Årsaka til å opprette føretak innanfor denne

kategorien er å gje føretaket ei større operasjonell sjølvstende eller fagleg uavhengig rolle. Desse selskapa opererer primært ikkje i konkurranse med andre, og alternativet til kommunalt eigarskap er ofte å organisere føretaket som forvaltningsorgan i eigen organisasjon. Enkelte føretak er og oppretta av reint politisk og ofte regionalpolitiske føremål. T.d. er samferdselsselskapa vår eit døme på dette.

Uavhengig av kva for kategori selskapa har si hovudforankring vil Fjord kommune forvente at selskapa balanserer omsyna til økonomiske, miljømessige og sosiale konsekvensar av verksemda for eigarar, kundar, tilsette og andre interessentar. Målet er å sikre langsiktig utvikling, men med ei tydeleg forventning om effektiv drift med god utnytting av føretaket sine ressursar.

Overordna mål for alt eigarskap:

- Fjord kommune sitt mål som eigar er høgast mogeleg avkastning, og/eller best mogeleg oppnåing av samfunnsmessige mål over tid.
- Føretaka utarbeidar og implementerer tydelege mål og strategiar for berekraftig verdiskaping.

Fjord kommune skal vere ein ansvarleg eigar med langsiktig perspektiv. Fellesskapet sine verdier skal forvaltast på ein måte som gjev tillit hos allmenta. Fjord kommune si eigarutøving skal bidra til høgast mogeleg avkastning over tid, eller mest mogeleg effektiv måloppnåing av samfunnsmessige mål. Måla skal nås på ein berekraftig og ansvarleg måte. Kommunen oppmodar også føretaka til å studere berekraftskartlegginga for regionen for å vurderer om aktiviteten i selskapet kan bidra til å forbetre resultata.

Mål for finansielt eigarskap:

- Føretaka som i hovudsak har finansielt føremål skal levere høgast mogeleg avkastning over tid.
- Andre tilleggsføremål skal tydeleggjerast i eigarstrategien.

Eit føretak vil i utgangspunktet ikkje kunne skape verdier og vere konkurransedyktig utan at det vert eigd og styrt med mål om høgast mogeleg avkastning over tid. Høgast mogeleg avkastning over tid føreset at selskapet er berekraftig. Eit berekraftig selskap balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig verdiskaping.

Eigarskap med politiske føremål:

- Føretak som i hovudsak har samfunns mål eller andre politiske føremål skal ha mest mogeleg effektiv måloppnåing. Samfunns mål skal tydeleggjerast i eigarstrategien.
- Dersom selskapet også har verksemd i konkurranse med andre, forventar kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid frå denne delen av selskapet si verksemd.

Dei samfunnspolitiske måla varierer mellom selskapa, men for alle selskapa har Fjord kommune mål om mest mogeleg effektiv oppnåing av desse. Føretaka innanfor dette

føremålet opererer primært ikkje i konkurranse med andre, men i enkelte tilfelle vil delar av aktiviteten operere i konkurranse med andre. I slike tilfelle har kommunen normalt høgast mogeleg avkastning over tid til denne avgrensa delen.

Dei overordna måla for alt eigarskap er ikkje gjenteke i dei einskilde eigarstrategiane i del-2 i eigarskapsmeldinga.

Overordna prinsipp for eigarstyring

Fjord kommune skal vere ein profesjonell eigar, som utøver eigarrolla si i tråd med prinsipp for god eigarstyring slik dei er nedfelt i [KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll](#), og slik det kjem fram i denne eigarskapsmeldinga. Fjord kommune har definert nokre overordna prinsipp for eigarstyring. Målet er at prinsippa skal bidra til føreseielege overordna rammer, rolleavklaring og ansvar.

Prinsippa er som følgjer:

1. Den kommunale valnemnda skal foreslå styremedlemmar til alle føretak der kommunen har styrerepresentasjon. Stiftingar der kommunane kan nemne opp styremedlemmer skal også omfattast av nemnda sitt arbeid. Kommunestyret vedtek retningslinjer for nemnda sitt arbeid.
2. Ordførar, eller den ordførar peikar ut, stiller på vegne av kommunen i deleigde føretak.
3. Formannskapet er generalforsamling i heileigde aksjeselskap.
4. Kommunestyret oppnemner styremedlemar og representantar til aktuelle eigarorgan.
5. Styremedlemar vert valt for to år, dersom anna ikkje er vedtektsfesta.
6. Medlemmer av formannskapet er ikkje valbare til styre der formannskapet er generalforsamling.
7. Medlemmer av kontrollutval er ikkje valbare til styrer.
8. Varamedlemmar skal oppnemnast der dette er aktuelt. Varamedlemmar skal primært oppnemnast i nummerorden, men der eigarkonstellasjonane tilseier det, skal det oppnemnast personlege varamedlemmar.
9. Det skal settast eit nøkternt nivå på leiarlønningar, pensjon, styrehonorar og anna godtgjering i føretaka.
10. Formannskapet skal ivareta aktiv oppfølging av kommunen sin eigarskapspolitikk.
11. Eigarskapsmeldinga skal oppdaterast etter behov, men skal handsamast av kommunestyret i løpet av første år av valperioden. Det skal utarbeidast eit årshjul for eigarskapsoppfølging som skal sikre gode rutinar og fortløpande dialog mellom eigar og føretak.

Føretak der Fjord kommune ikkje er eineeigar:

Fjord kommune har interesser i fleire føretak som vi eig saman med andre. Det er ønskeleg at dei aktuelle prinsippa ovanfor også vert praktisert i og ovanfor desse føretaka. Fjord kommune som deleigar i føretak ønskjer ein systematisk dialog, også med desse selskapa. Dette for å kunne sikre ei samla god eigarstyring uavhengig av eigardel.

Fakta, føremål og eigarstrategi for utvalde føretak

